



Hovudlaget

STRYN TURN & IDRETTSLAG

Skipa 1898

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/fylkesordførar Jenny Følling
Askedalen 2

6863 Leikanger

Stryn 24.11.2017

Arena Stryn - Søknad om tilskot

Vi viser til vår tidlegare søknad av 5.11.2015, samt til vår presentasjon på politikardag på Leikanger 18.04.2016.

Stryn Turn & Idrettslag er no i sluttfasen med Arena Stryn prosjektet før byggeprosessen starter opp våren 2018. Grasbana er erstatta med ny kunstgrasbane og flytta nordover i samsvar med reguleringsplanen for å gje plass til arenaprojektet. Totalt er det sidan 2008 investert i nyanlegg på Stryn stadion for ca. 15 mill. I tillegg er det lagt ned ein stor innsats i dugnadstimar. ST&I har skaffa kjøpar av næringstromta og vedkomande firma vil stå ansvarleg for denne delen av prosjektet. Dette har tilført ST&I ein auke i eigenkapitalen på kr 7 mill.

Idrettslaget har fått laga ein kortfatta prosjekt informasjon med teikningar, historikk, kostnader og finansieringsplan som gjer greie for status i prosjektet pr. d.d. Denne vert kontinuerlig retta opp etter kvart som vi får svar på våre søknader m.m.

Etter at Stryn Vidaregåande Skule no er tildelt landslinje for skiskyting vil dette anlegget vere særskilt viktig for disse elevane, men også for alle på SVS.

Arena Stryn vil vere eit viktig bidrag i eit Folkehelseperspektiv. Anlegget ligg lett tilgjengeleg for alle type brukarar og har gode parkeringstilhøve. Naust og reint vassmiljø ved utløpet av Vikaelva med moglegheit til bading og andre aktivitetar i vatnet, speidarhytte og sti langs elva mot skog og den nye dagsturhytta.

Prosjektet er godt kjent gjennom stort reklameskilt ved Stryn stadion, presentasjonar for Stryn kommunestyre, politikardag på Leikanger samt møte med Kulturdepartementet i Oslo. Prosjektet får av KD god omtale for at det er godt tilpassa området og nøkternt tilpassa brukarane sitt behov og prosjektet er idrettsfunksjonelt førehandsgodkjent av Kulturdept.

Som det fram går av finansieringsplanen er det meste av økonomien på plass, men vi treng eit eingongsbidrag frå fylkeskommunen på kr 8,0 mill – ein reduksjon frå vår tidlegare søknad på kr 8,7 mill. Denne søknaden vart det ikkje funne rom for i budsjettet fram mot 2019, jmfr. brev frå Erikstad av 26.01.2016.

Vi ber om at det blir funne rom for vår søknad ved rullering i inneverande budsjettperiode. Men også eit vedtak om tildeling etter 2019 vil vere avgjerande for om vi kan «sette spaden i jorda» våren 2018.

Med den informasjonen politikarane fekk på Politikardag 18.04.2016 og vedlagt oppdatert informasjon, torer vi på ny be om eit eingongstilskot frå Fylkeskommunen på **kr 8,000.000**.

Med tilvising til tildelingar fylket har bidrøge med på tilsvarende prosjekt i Sogn og Fjordane håpar vi fylket finn rom for tildeling også til vårt prosjekt.

Med venleg helsing
for Stryn Turn & Idrettslag

Jonn Beinnes – leiar
(sign)

Kjell Opheim – prosjektleiar
(sign)

Kopi: Fylkesrådmann Tore Eriksen

Vedlegg: Prosjektplan med teikningar, kostnader og finansieringsplan.